

Lesekrøken: Undervisningsopplegg til "Då skateboard var forbode"

I artikkelen som handlar om skateboard-historie i Noreg, er det nytta symbol for å vise at skateboardet var forbode. Elevane får i oppgåve å lage eigne forbodsskilt.



Artikkelen om skateboard-histore er henta frå Nysgjerrigper nr. 3-2020, som kjem ut 14. september.

Last ned materialet til utskrift:

- [Lærarretteiing og oppgåver](#)
- [Artikkelen "Då skateboard var forbode"](#)

Lærarretteiing

I artikkelen som handlar om skateboard-historie i Noreg, er det nytta symbol for å vise at skateboardet var forbode. Det er laga ein ring med strek gjennom over eit skateboard, nett som på trafikkskilt. For å komme inn i tankegangen om at ein kan gi beskjed om at noko er forbode, skal elevane fyrst søke på internett etter skilt som syner at noko er forbode.

1. Søk saman i klassen eller aleine etter skilt som viser at noko er forbode.

Skriv "forbudsskilt" eller "forbodsskilt" og trykk på "bilde", så de berre får fram bilde av skilt. Snakk saman:

- Korleis ser skilta ut? (Farge, form, strekar, bilde inni, type teikningar)
- Kva er felles for dei ulike skilta?
- Beskriv skilta med fagomgrep, så nøye som mogleg.
- Raud sirkel
- Kvitt botn

- Raud strek som går ned frå venstre mot høgre, som frå 10 til 5 på ei klokke
- Streken går over det som er forbode
- Svart teikning frå sida, todimensjonal, av det som er forbode
- Kva for saker er forbodne (å køyre inn, å nytte bil/sykkel/skateboard, å ta med noko, for eksempel hund/paraply, å gjere noko som å symje / luften hunden / rope)?

2. Elevane skal no lage sitt eige skilt av noko som skal vere forbode:

- Noko dei vil skal vere forbode
- Noko dei absolutt ikkje vil skal vere forbode
- Noko som det hadde vore rart eller moro å forby

Oppgåver til elevane



1. Søk på internett etter skilt som syner at noko er forbode

- a. Skriv "forbodsskilt" eller "forbudsskilt" i søkefeltet.
- b. Trykk så du berre ser bilde av skilta.
- c. Kva er typisk for skilta som viser at noko er forbode?

2. Lag ditt eige skilt av noko som skal vere forbode, og som ikkje er det frå før.

Vel sjølv om det skal vere noko:

- du vil skal vere forbode
- du absolutt ikkje vil skal vere forbode
- noko som det hadde vore rart eller moro å forby

3. Detektivlesing

- a. For kor mange år sidan var det forbode å skate i Noreg?
- b. Kva for skilnader ser de på skatarar frå 1976 og frå i dag?
- c. Kva for triks nytta skatarar for å skjule at dei skata, då det var forbode?

Samfunn

Kultur og historie

Historie

Kropp og helse

Trening og idrett